



**Sogn og Fjordane
Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Presteholten 15
6810 Førde
Tlf 91 81 95 45
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post:
johan.mageroy@mentor.no

Til laga, tillitsvalde, NOF, MROK, HOK og idrettskrinsen

Førde, 11.01.15

INNKALLING TIL KRINSTING

Med dette kallar vi inn til ordinært krinsting for Sogn og Fjordane Orienteringskrins.
Når det gjeld representasjon, viser vi til § 9 i lovene (sjå nedanfor).

TID: Laurdag 27. februar 2016 kl 13.45. Gryterett blir servert kl 13.00.

Det blir **lagleiarmøte frå kl 11.00 same dag.**

STAD: Skei servicesenter (Essostasjonen på Skei), eige møterom i 1. etasje i bankbygget

Kl 13.45

Opning av tinget

- SAK 1 Konstituering og godkjenning av fullmaktene.
- SAK 2 Val av ordstyrar og sekretær, samt to til å skrive under møteprotokollen.
- SAK 3 Godkjenning av saklista.

Saker knytt til årsmelding og rekneskap for 2014-2015

- SAK 4 Handsaming av årsmelding for 2014-2015.
- SAK 5 Handsaming av revidert rekneskap for 2014-2015.

Innkommne saker

- SAK 6 Handsaming av innkomne framlegg. Framlegg må vere innkomne til krinsleiar seinast 13.02.2016.

Saker knytt til drift og budsjett for 2016 og 2017

- SAK 7 Fastsetjing av kontingent frå lag til krins for 2016 og 2017.
- SAK 8 Budsjettet for 2016 og 2017.

Val

- SAK 9 Val etter lovene.

Nye lover for Sogn og Fjordane Orienteringskrins

- SAK 10 Nye lover for SFOK – tilpassa til ny lovnorm frå NIF – Lovendringa skal i etterkant av møtet sendast til NOF for godkjenning.

- SAK 11 Ymse

Påmelding innan 21.02. Send påmelding og **sva på om du deltar ved lunsjen** til johan.mageroy@mentor.no

Fullstendig sakliste vert utsendt i veke 7.
Velkommen til tinget!

Med helsing
Sogn og Fjordane Orienteringskrins

Johan Magerøy (sign)

Etter §9 i lovene har laga rett til slik representasjon på tinget:

„På krinstinget møter med røyserett:

- a) Krinsstyret
- b) Representantar frå laga etter følgjande skala:
 - For medlemstal til og med 15- 1 representant.
 - For medlemstal frå 16 til og med 30- 2 representantar.
 - For medlemstal over 30- 3 representantar.

som er det høgste tal representantar eit lag kan ha.

Representantane må vere valt på ordinært eller ekstraordinært årsmøte eller på medlemsmøte med dette val på kunnigjort sakliste. Krinsen kan nytte reiseutgiftfordeling.“